



Høgskulen
på Vestlandet

Til deg som har fått opptak på bachelor i geologi og geofare,

Velkommen til oss!

Du har valt ei bachelorutdanning med mange spennande ekskursjonar og feltturar, og allereie første veka i september skal du reise på ein tre-dagars tur til Sognefjellet med overnatting på Sognefjellshytta. På turen skal du lære om berggrunnsgeologien på Sognefjellet, få ei betre forståing for prosessane som formar eit alpint landskap, utforske grottene i Dumdalen og gå ein dag på breen. Det er viktig at du har med personleg utstyr for ein slik tur. Difor er det lurt at du tar med deg følgjande til Sogndal:

- Regntøy og turkle
- Skikkeleg fottøy
- Varme klede (ullundertøy, lue osv.)
- Hovudlykt
- Solbriller
- Liten dagstursekk

Dersom du har spesielle behov vi bør ta omsyn til under ekskursjonen, er det berre å ta kontakt med fagtilsette når du kjem til Sogndal. Då finn vi ei løysing.

I første emne skal du også lære å bestemme mineralinnhald i forskjellige bergartar. Her treng du ei god handlupe. Viss du vil kjøpe lupe før studiestart, bør du skaffe deg ei med minimum 10 gonger forstørning, så som desse: [Dobbeltlupe 10-20 ganger forstørrelse - Naturens Mangfold AS](#)
[Luper og forstørrelsesglass fra Nikon og Opticron](#)

Du skal også bruke hammar i fleire emne i løpet av utdanninga og der anbefaler vi ein som liknar desse: [Hammar frå Naturhistorisk museum](#)
[Hammar frå Biltema](#)

Dersom du skal kjøpe deg ny PC og kalkulator til studiestart, så finn du anbefaling til kva du skal kjøpe her: [Krav til utstyr - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#)

Pensumbøker:

Dei første emna du skal ta når du startar hjå oss er **GE406 Geologi grunnkurs** og **MA414 Matematikk naturfag**. Vi anbefala sterkt at du kjøper inn pensumbok på førehand så du slepp å vente på bestilling av bøkene når emna har starta.

Bøkene du treng er:

GE406 Grunnkurs geologi: [Essentials of geology](#) av Frederick K. Lutgens (12.utgåve frå 2015)

MA414 Matematikk naturfag: [Mathematics for Engineers](#) av Anthony Croft og Robert Davison (5.utgåve frå 2019, tidlegare utgåver kan også brukast).

Har du spørsmål om sjølve studiet før studiestart
eller lurar du på korleis studentlivet i Sogndal er?

*Ta kontakt med studieprogramansvarleg
Torgeir Opeland Røthe
Epost: torgeir.opeland.rothe@hvl.no
Telefon: 95151310*

Sjekk ut filmen vår på Youtube: [HVL geologi og geofare](#)



Linjeforeningen Yggdrasil

*Søk opp Yggdrasil på sosiale medium for å få eit inntrykk av
korleis det er å vere student i Sogndal.*

Om du har spørsmål til studentlivet ta kontakt med Yggdrasil!

*Som ny student ved institutt for bygg, miljø- og naturvitskap er
du velkomen til å bli med linjeforeninga (Studentforeining)
Yggdrasil.*

ME GLER OSS TIL Å MØTA DEG!
